

Blir motsegna trukke?

05.11.2009

Saksbehandlar Ingo Bewer i kommunen har no skreve til Fylkesmannens miljøvernnavdeling og bede om at motsegna til planforslaget for det nye bustadfeltet i Nedre Halsabrotet blir trukke.

Bewer opplyser at planen no stort sett er revidert i samsvar med Fylkesmannen sine merknader.

Mellom anna er føresegner retta opp. Det er innarbeidd i desse at det ikkje skal byggjast der magnetfeltstyrken for høgspentlinna overstig grenseverdiane. Høgspentlinna skal i framtida gravast ned og faresona vil då falla vekk.

Når det gjeld merknad om leikeplassane er antal bustader no korrekt. Det er 50 kvadratmeter for alle bustader i planområdet og dermed oppfyllast krav om barn og ungdom sine premissar.